

# Faglege nettverk mellom kommunane og Helse Fonna

## MANDAT OG ORGANISERING

versjon 3, jan. 2018

## Fagleg nettverk for folkehelse, helsefremjing og førebygging



Bøkn



Bømlo



Etne



Fitjar



Haugesund



Jondal



Karmøy



Kvinnherad



Odda



Sauda



Stord



Suldal



Sveio



Tysnes



Tysvær



Ullensvang



Utsira



Vindafjord



## Forklaring av forkortingar

SU: Samhandlingsutvalet ([www.helse-fonna.no](http://www.helse-fonna.no))

FOUSAM: Forsking- og utviklingseining for samhandling ([www.fousam.no](http://www.fousam.no))

## Overordna mål

Faglege nettverk vert oppretta for å sikre gode pasientforløp på tvers av nivå. Hovudfokus skal vere fagutvikling, pasientforløp og oppfølging av viktige områder i samarbeidsavtalane mellom føretak og kommunane. Nettverket skal og ha oversikt på arena og kanalar for samarbeid på feltet.

## Organisering og forpliktelse for partane

- Samhandlingsutvalet (SU) etablerer og godkjenner faglege nettverk mellom kommunane og Helse Fonna, slik det er beskrive i samarbeidsavtalane.<sup>1</sup> Høgskulen på Vestlandet (HVL) inviterast inn i alle faglege nettverk, og deltar der det er relevant.
- Helse Fonna føretak og kommunane forpliktar seg til deltaking i nettverk som vert oppretta av SU.
- Medlemmene i nettverket er kontakt- og ressurspersonar for feltet i sin organisasjon.
  - Arbeidsgivar legg til rette for deltaking og korleis ressurspersonen skal nyttast i eigen organisasjon.
- Kvar part dekkjer utgifter til deltaking for sine tilsette. Brukarorganisasjonane dekkjer utgifter til deltaking for sine medlemmer, dei kan søkje dekning frå FOUSAM.
- Nettverket skal ha ein kontaktperson i FOUSAM.
- Nettverket skal bidra inn i utvikling av pasientforløp og tilhøyrande prosedyrar på tvers av nivå og i utforming av brosjyrar og undervisningsmateriell.
- SU kan via FOUSAM setje ned arbeidsgrupper med spesifikke og tidsavgrensa oppdrag som får eige mandat.
- Nettverket skal med bakgrunn i praksis og oversikt på meldte avvik, bidra til å avdekke flaskehalsar og utfordringar i pasientforløpa. Ut frå fagleg kompetanse, erfaring, kunnskapsbasert praksis og endring i lovverk, skal nettverket komme med forbetningsforslag til praksis og til samarbeidsavtalane.
- Fagseminar og liknande skal arrangerast i samarbeid med FOUSAM.

---

<sup>1</sup> Tenesteavtale 6, punkt 2 og Tenesteavtale 2, punkt 11 [www.helse-fonna.no/samhandling](http://www.helse-fonna.no/samhandling)

- Nettverket skal utarbeide ein handlingsplan for kvart år og sende han til FOUSAM innan 30. november.
- SU vedtek satsingsområder for FOUSAM. Nettverket sin handlingsplan må vere i tråd med satsingsområda. SU kan òg bestille oppdrag hos nettverket via FOUSAM.
- Nettverket skal rapportere årleg utført aktivitet til FOUSAM, innan 31. januar.
- FOUSAM samlar rapporteringar frå alle nettverk og rapporterer vidare til SU innan 28. februar kvart år.

## Mål for nettverket

Mål for nettverket er å styrka folkehelsa i regionen ved å jobbe for ein endring av helse-tenestene mot ein meir helsefremmande, førebyggande og heilskapleg teneste og saman bidra til å dempe vekst i forbruk av helsetenestene.

- Fagnettverket skal vere ein arena for å møtas, utvikla felles språk og ståstad for folkehelsearbeid i kommune og føretak. Det skal fokusera på samanheng i tenestene, kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling.
- Årsplan/handlingsplan lages utifrå aktuelle samhandlingsområder som nemnd i tenestevaltale 10.
- Fagnettverket vil på område der det er naturleg samarbeide med allereie etablerte fagnettverk i Helse Fonna, og regionale nettverk for folkehelsearbeid (folkehelseforum).

## Bakgrunn for etablering

Oppretting av fagleg nettverk for folkehelse, helsefremjing og førebygging er avtalt i tenestevaltale 10 punkt 5.10.

Nettverket blei vedtatt i SU-møte 22.09.16 etter handsaming av førespurnad frå Haugaland folkehelseforum. Folkehelseforumet så behov for å forankra folkehelsearbeidet i den etablerte strukturen for faglege nettverk i Helse Fonna regionen.

Ein føresetnad for nettverket er at fagnettverket er tverrfagleg og at alle 18 kommunar, helseføretak og høgskule blir invitert inn.

## Grunnlagsdokument for etableringa

- Tenestevaltale 10
- Lov om folkehelsearbeid (LOV-2011-06-24-29); spesielt kapitel 2 og 3
- Lov om spesialisthelseteneste (LOV-1999-07-02-61)
- Lov om smittevern (LOV-1994-08-05-55)
- Plan og bygningslova (LOV-2008-06-27-71)
- Pasientrettighetslova (LOV-1999-07-02-63)
- Helse- og omsorgstenestelova (LOV-2011-06-24-30)
- Lov om helsemessig og sosial beredskap (LOV-2000-06-23-56)
- HelseOmsorg21 (Strategi frå helse og omsorgsdepartementet 2014)

## Deltakarar i nettverket

- ressursgruppe og kontaktpersonar (utpeikt av SU) frå føretak, kommunar og høgskule
- brukarrepresentantar
- lokalt næringsliv
- aktuelle frivillige organisasjonar

## Organisering av nettverket

Fagnettverket vert organisert med ei ressursgruppe, ei kontaktpersongruppe og lokalgrupper i kvart sjukehusområde.

### Ressursgruppa

Ressursgruppa har ansvar for å utarbeida årsplan/ handlingsplan, vurdere behov for rutinar, arrangere felles fagdag kvart år og gir årleg innspel til oppdatering og justering av vedtekne samhandlingsområder. Gruppa samarbeider med kontaktpersonane og dei lokale gruppene.

Deltakarar:

- 3 kommunale representantar  
(f.eks. kommunelege, folkehelsekoordinator, frisklivkoordinator, geografisk fordelt)
- 1 representant frå Høgskulen på Vestlandet
- 3 representantar frå HF (1 frå somatikk, 2 frå klinikk psykisk helsevern)
- 1 brukarrepresentant
- 1 kontaktperson frå FOUSAM

### Kontaktpersonar

Kommune og føretak må ha kontaktpersonar med nødvendig kompetanse for aktuelt arbeid på dei områda avtalen dekker.

Det er naturleg at kontaktpersoner er representantar frå dei lokale gruppene.

Deltakarar:

- 1 kontaktperson frå kvar kommune
- 5 kontaktperson frå føretaket (minst 3 frå klinikk psykisk helsevern, og alle sjukehusområda bør vera representert)
- 2 brukarrepresentantar
- 1 representant frå Høgskulen på Vestlandet

### Lokale grupper

Etablerte lokale grupper som Haugaland folkehelseforum og folkehelsenettverk i fylkeskommunane vidarefører sitt arbeid og bidreg til felles arbeid i Helse Fonna i tråd med nettverket sin handlingsplan.

Lokalgruppene jobbar med lokale saker, og samarbeider med aktuelle lokale aktørar som frivillige organisasjonar, næringsliv og politikarar.

### Leiing

Nettverket konstituerer seg sjølve med utnemning av leiar- og nestleiar; éin frå kommune og éin frå føretak. Gruppa avtalar møteplan og frekvens etter behov.

SU .....

**FoU-eining for samhandling**

ved Høgskulen på Vestlandet

Bjørnsonsgate 39, 5528 Haugesund

Telefon: 48 24 68 11

E-post: [info@fousam.no](mailto:info@fousam.no)

[www.fousam.no](http://www.fousam.no)